



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Eivind Børilden  
Øksnesvegen 76  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/922 - 14/3392

Saksbehandlar:  
Øyvind Hatleli  
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:  
07.04.2014

## Beiteskader Grågås - svar

Viser til din søknad om felling av grågås som gjer skade.

Det har i dei seinare åra vorte eit aukande problem med beiteskader av grågås i Hordaland. Jakttid for gås er 10.aug – 23. des. Sidan grågåsa startar trekket sitt før ein får tatt ut nok fugl, klarar ein difor ikkje å regulere bestanden med ordinær jakt. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begrense skade på avling, og skal ikkje brukast som eit bestandsregulerande verkemiddel.

Søknaden skal handsamast etter *Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon* FOR 1997-09-01 nr 1000.

Det er krav at skaden har skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er eit kjendt problem med gås i heile Nordhordland, og sidan gåsa startar beite på slåttemarka så tidleg, risikerar ein større skade på enga. Det vil, i tillegg til redusert avling, vere eit større problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gress har på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta skal det vera eit vesentleg økonomisk tap før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er sauedrift på eigedomane, og tap av avling vil absolutt kunne gje eit vesentleg økonomisk tap i forhold til drifta.

Det er krav om at det skal vere freista andre metodar for å få bukt med problemet før ein skal gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det fungerer, gåsa forsvinn ei kort periode men kjem attende. Det er også plukka/punktert egg for å freiste å redusere rekrutteringa.

Skadefelling er ikkje ei god løysing på det aukande problemet med gås i regionen, og Felles landbrukskontor ynskjer difor å få til ein forvaltningsplan for gås, for å betre kunne regulere bestanden. Arbeidet med forvaltningsplan vert forhåpentlegvis ferdig til neste sesong.

**Vedtak:**

Landbrukskontoret gjev Eivind Børilden løyve til å ta ut fem individ av grågås på innmarka på Langøy og fem individ av grågås på innmarka på Børilden. Det skal takast ut ungfuglar eller ikkje-hekkande individ då det er dei som gjer mest skade. Det skal søkjast å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst. Løyvet gjeld fram til 4.mai.2014.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som molgeg, og innan 14.mai.2014

Med helsing

Øyvind Hatleli  
spesialkonsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Eivind Børilden

Øksnesvegen 76 5943

AUSTRHEIM